

Deltema 3: Tilgjenge til fellesområder og ålmenn ferdsel og friluftsliv

DAGENS SITUASJON

Område

Det er Tittelsnesområdet som er vurdert som influensområde med i denne utredninga. I denne delen av Sveio bur det om lag 150 personar, og folketalet er forholdsvis stabilt. Skule og barnehage er på Einstabøvoll om lag 3,5 km frå planområdet. Det er elles bedehus som er i aktivt bruk på staden. Tittelsnes fort ligg i området, men blir ikkje lenger brukt av heimevernet eller forsvaret for øvrig. Det er ein del bygningar på fortet som kan oppgraderast og brukast til gode føremål i framtida. Området på fortet og på Tittelsneset blir i dag nytta som turområde.

Sør for Tittelsnes ligg Valevågområdet med om lag 220 innbyggjarar. Valevåg og Tittelsnes saman med Ørevik utgjer nordre del av Sveio kommune.

Frå Tittelsnes til Sveio sentrum er det om lag 27 km, til Haugesund om lag 42 km og til Leirvik gjennom Trekantsambandet er det 25 km.

Planstatus

For området gjeld kommuneplanen for Sveio. Det ein del godkjente reguleringsplanar både for bustader og fritidshus nokre stader i Tittelsnesområdet.

Metode

Arbeidet er utført med bakgrunn i synfaringar, ortofoto og kartgrunnlag i området. Analysa byggjer i hovedtrekk på framgangsmåten i Direktoratet for naturforvaltning (DN) si handbok nr. 18. Omfanget er vurdert ut frå 0-alternativet. Denne utredninga gjeld stort sett forhold utafør sjølve planområdet, der det i denne omgang ikkje skal gjerast inngrep. Inngrepa som skal gjerast i sjølve planområdet vil ha positiv verknader for ålmenta då det vert nye gongvegar med rasteplasser, utsiktsplass, badeplass, båthamn med gjesteplass og oppdragsplass for småbatar innafor planomtådet som ålmenta kan gjera seg nytte av.

Generelt

Området ved og rundt Trollvassnipa er i kommuneplanen sett av som LNF sone H530 med særleg omsyn til friluftsliv. Fleire område ved Tittelsnes blir i dag nytta til som felles område for ferdsel, friluftsliv, jakt og fiske utan at dei ligg inne på nokon overordna plan.

Det området som blir mest nytta av ålmenta og som er teken med i kommuneplanen som friluftsområde er Holsvika, der friluftsrådet har lagt til rette med badestrand og grillplasser. Ellers blir svaberga langs sjøen fleire plasser nytta til fiske frå land, og det er mange gode fiskeplasser i sjøen. Det er i området ein del utleiehytter/hus som for det meste blir leigd ut til tyske fisketuristar.

Det er fleire stader lagt til rette for å gå tur i skog og mark og langs sjøen. Ein del turløyper er merka av på turkart. Det er fleire lag og organisasjonar som arbeider godt i nærmiljøet og desse er med på å leggja til rette for rekreasjon og turløyper, også i område som på kommuneplanen ikkje er sett av til friluftsføremål.

Det er nokre hyttefelt i influensområdet. Busetnaden er spreidd, og det er eit altivt landbruk i området, men ikkje heilt inntil hytteområdet.

Turkart/brosjyrer

Sveio kommune har laga turkart for heile kommunen, der det er teken med nokre turstiar også i nordre del. Friluftsrådet har gjeve ut ei brosjyre for Holsvika som viser kva aktiviteter som kan gjerast der.

Turstiar

Det er Trollvassnibba som er det mest kjende turmålet i området, og som også kan seiast å vera kjend i regional samanheng. Også frå fortet (festningen) og nordover på sjølv Tittelsneset er flott og populært turterreng som blir nytta av lokalbefolkninga. Turkartet for Sveio kommune frå 2013 viser at det er tursti til Trollvassnibba frå Bjørgavegen ved Holsvika, frå Haugsgjerd og frå Einstabøvoll. I tillegg er det merka sti til Haugavika på nordre pynten av Tittelsnes. Det er ellers fleire umerka stiar til Trollvassnipa og til andre lokale mindre turmål. Det er også sti langs fjorden frå Haugsbu og til Staupe. Det er ikkje samanhengande merka tursti langs sjøen frå Holsvika og nordover til Kvitanes, men det er fleire plasser råd å koma til sjøen for å fiska e.l.

I planen blir det lagt opp til samanhengande tursti langs sjøen gjennom planområdet der det blir rasteplass, utsiktsplass og badeområde samt lun havn. Denne turstien kan vera ein del av framtidig tursti frå Holsvika til Kvitanes.



Utsnitt av Sveio Kommune sitt turkart

Hytteområde

Innafor influensområdet som er vurdert er det fleire hytteområde. Nokre er ferdig utbygde, medan andre er delvis bygde ut eller berre på planstadiet. Det er godkjende reguleringsplanar for hytteområde Grunnvåg/Smalaskjer, Eidsvåg, Litlanes, Sørå Buvika som ligg heilt inntil friområdet ved Holsvika og Nordra Buvika som er ein del av denne planen. Andre hytteområde er det ikkje i kommuneplanen i Tittelsnesområdet, men det er ein del eldre hytter som er spreidd bygde i vurderingsområdet og kommunen har også i seinare tid gjeve løyve til nokre få nye hytter utanom regulerte område.

Utleiehytter/hus

Det er nokre hus og hytter som blir brukte som utleige, fortrinnsvis til tyske fisketuristar som for det meset fiskar frå båt på sjøen.

Badeplasser/strandsona/funksjonell strandsona

Holsvika friluftsområde ligg til Ålfjorden med god parkeringsplass ved kommunevegen til Bjørjo. I 2010 blei det i området tilrettelagt med trebrygge og båtfester, badestrand og toalett. Det er elles ei stor grasslette i Holsvika som kan brukast til ulike aktiviteter. Frå svaberga er det plass for dei som ynskjer å fiska frå land eller ta ein spasertur i terrenget eller langs sjøen.

Det er elles råd å bada fleire stader langs Tittelsnes landet, men dei er ikkje registrerte som badeplasser i offentlege planar. Det blir sett av 2 område til badeplass i denne planen.

Funksjonell strandsona er definert som det arealet som står i innbyrdes direkte samspel med sjøen både økologisk, topografisk og bruksmessig. Området kan vera både smalare eller breiare enn det generelle 100-metersbeltet. Kartlegging av funksjonell strandsona inneber ei detaljert analyse av landskap og landskapselement. Gjennom kartlegging kan ein differensiere strandsoneverdiane basert på fastsette kriterium. På denne måten kan ein definere område som bør vernast for vidare utbygging, og område som kan vidareutviklast med ny utbygging eller fortetting. Innanfor den funksjonelle strandsona bør ein unngå privatiserande element, som td hytter, gjerder, leveggar, o.l., men fremje ålmenn bruk og etablering av fellesanlegg. Slike tiltak vil gje fleire tilgong til strandlina, og gjennom større fellesanlegg kan ein auke talet brukarar per meter strandline. Dette vil over tid redusere privatiseringa langs sjøen, og gjera samfunnet betre i stand til å verne dei meir urørte delane av strandsona.

Strandsona i influensområdet er vurdert i samband med utarbeiding av interkommunal strandsona-plan for Sunnhordland i 2013.

Båthamner, gjesteplasser og opptrekk

Det er få eksisterande båthamner i området, og nokre berre på planstadiet men ikkje bygde ut. Det er ikkje offisielle gjesteplasser eller båtopptrekk i området som er i drift, men det er plass for båtar langs kaien i hmna på Tittelsnes. Her har det tidlegare vore anløp av hurtigbåt. Den nye planen legg opp til småbåthamn med gjesteplasser og båtopptrekk.

Jaktinteresser

Det er store område med skog i nordre luten av kommunen, og det er sjølvsakt jaktinteresser i deler av skog- og utmarksområdet. Planen har ingen innverknig på desse interessene.

Fiskeplasser i sjø og på land samt anlegg i sjø og evt. fiske i vatn

Det er fleire gode fiskeplasser både i sjøen, langs svaberga og i enkelte vatn i Tittelsnesområdet.

Ved Tittelsnes er det etablert fiskeoppdrett.

Planen har ingen innverknig hverken på fiskeplasser i sjø eller vatn eller på fiskeoppdrett i området.

Lag og organisasjonar

Det er nokre aktive lag og organisasjonar i området, men det meste av organisasjonslivet er saman i heile Valestrand skulekrins som er nordre del av Sveio kommune.

Lag og organisasjonar i området er med å legg til rette for turstiar og rekreasjon.

Jordbruk, beite og skogsdrift

Det er eit aktivt landbruksområde i nordre del av Sveio, og deler av utmarka blir brukt til beite.

Det er også mykje moden skog i området, og difor ein del skogsdrift. Planen har ingen innvirkning på landbruksdrifta i området.

Andre næringsinteresser

Det er uttak av murestein mellom Tittelsnes og Valevåg

Støy

Området ligg godt skjerma for trafikkstøy både frå sjø og land.

Kraftliner

Det går ein del kraftliner i området, men desse er stort sett langs offentleg veg.

Anna

Nordre del av Sveio kommune omfattar Tittelsnes-, Valevågområdet og Ørevik. Desse områda heng saman med felles grunnskule og barnehage. Nordre del av Sveio er mest kjend gjennom komponisten Fartein Valen sin bustad og «kyrkjegarden ved havet», samt den flotte og særprega garden på Einstabøvoll. Dette og tur til Trollvassnibba er nokre av dei plassane i området som er mest besøkt av turistar, hyttefolk og fastbuande.

Det er daglege bussruter frå og til Tittelsnes. Busstopp om lag 1,8 km frå planområdet.

FRILUFTSLIV, GRØNTSTRUKTUR OG NÆRMILJØ

Grøntstruktur er nettverk av store og små naturprega og grønne område. Det kan vera meir eller mindre samanhengande område som består av ulike arealtyper som naturområde, strandområde, bekker og elvar, tjern og vatn, skog og landbruksområde. Naturområder er ofte hovedkriteriet for eit godt bustad- eller hytteområde. I influensområdet er det fleire samanhengande naturområde. Desse områda kan brukast av både fastbuande, turistar og hyttefolk.

AVSLUTTANDE VURDERING

Tiljenge og ålmenn ferdsel og friluftsliv vil bli betre med gjennomføring av denne planen, då det blir lagt til rette for småbåthavn, opptrekk for småbåtar, badestrand og tursti langs sjøen (der det i dag ikkje er framkommeleg) gjennom heile planområdet med rasteplass, grillplass, utsiktsplass og lun havn.

Denne turstien kan vera ein del av framtidig samanhengande tursti mellom Holsvika og Kvitaneset.

Gjennomføringa av planen vil ikkje påvirke fellesområder, friluftsliv eller næringsinteresser i negativ leid, og vil ha positiv verknad for ålmen ferdsel.